

Pensjonistar i Uskedalen vert inviterte på kommunalt eldretreff.

27.09.2006

**Den internasjonale eldredagen vert skipa til på Husnes onsdag 11. oktober.
Alle pensjonistar frå bygda vert med dette inviterte til å vera med.**

Det vert sett opp bussar og tilskipinga er kunngjort i lokalavisa og med brev til pensjonistforeningane.

Program:

- Ordførar Bjarne Berge helsar velkomen
- Jimmy Øvredal (kjend frå NRK) kåserer og fortel om Nilsen i Bakkjen
- Jakob Sande 100 år – program v/ Jørgen Sagevik frå Fjaler
- Varmrett
- Helsingar

Dersom du er medlem i eit av eldrelaga i kommune, melder du deg til ditt lag.

Om ikkje,- påmelding til Kvinnherad kulturkontor v/ Anne Bogegaard

Det er fyrste gongen at det vert skipa til kommunalt eldretreff.

Alt er gratis,- inngang, program og skyss.